



Mynde
Organisasjonar
Naboar

Deres ref: | Vår ref: 10260975-01
Dokumentkode: 10260975-01-PLAN-BRE-001
Tilgjengelighet: Åpen

Trondheim, 20. mai 2025

DETALJREGULERING AV FARLEI, BREMANGER KOMMUNE

Melding om oppstart av planarbeid, høyring og offentlig ettersyn av planprogram planid. 4648.202501

Vi varslar om at det blir starta opp arbeid med detaljregulering ved Olaskjeret, Hornelsflua, Skaten og for tiltak i farleia samt ved Storøyna for deponi. Planen skal bli konsekvensutgreia og planprogram er lagt ut til høyring og offentlig ettersyn. Varslinga er i samsvar med plan- og bygningslova §§4-1 og 12-8.

Multiconsult sender ut høyringsbrev og tek imot merknadar for Kystverket, samt høyring og offentlig ettersyn av planprogram for arbeidet.

Formålet med planarbeidet er å gjera det sikrare og meir framkomeleg for fartøy som trafikkerer i hovudleia mellom Florø og Stad. Det er difor behov for å utdjupe fleire grunner på strekket, både i Bremanger kommune og i Kinn kommune.

Kystverket har målsetting om at massane som vert fjerna i utdjupinga skal bli nytta til utbygging med formål som har samfunnsnytte som td. opparbeiding av næringsområde. Kystverket vil difor ha møter med kommunane for å få innspel til aktuelle område som kan ta i mot massar. For å sikre gjennomføring av utdjupingstiltaka dersom gjenbruk av massane til utfylling frå land ikkje lar seg gjere, vil det i tillegg vere naudsynt å regulere for sjødeponi.

Planområda for tiltak på strekningen Florø – Stad er vist i Figur 1. Planområda i Bremanger kommune er skildra på s. 3-4.


Planprogram med vedlegg og kartutsnitt for planområda er lagd ut på www.kystverket.no samt www.bremanger.kommune.no.

Om du ynskjer meir informasjon, kontakt: Multiconsult v/Sissel Enodd, tlf. 45 26 95 62 eller Kystverket v/ Trym Hauge Nilsen tlf. 47 85 59 73.

Merknader til planprogrammet og/eller innspel til reguleringsarbeidet kan rettast til:

Multiconsult v/ Sissel Enodd,
sissel.enodd@multiconsult.no, eller Postboks 6230 Torgarden, 7486 Trondheim,

Frist for å sende merknader og/eller innspel er den 04.07.2025.



Figur 1 Planområde for planl tiltak i farleia strekning Florø – Stad.




Olaskjeret

I hovedleia på strekket mellom Seljestokken og Olaskjeret er det mest trafikk av lasteskip som har djupgang på rundt 5 m. Fartøy som går djupare må gå vest for Olaskjeret. Dette fører til lenger distanse, fleire kursendringar. Når nordgåande skipstrafikk i bileia vest for Olaskjeret treff hovedleia lenger nord, må fartøya krysse hovedleia for sørgåande trafikk. Dette skjer tett opp mot ein sving i farleia og kan føre til kollisjonsfare.

Ved å utdjupe grunnane sør-aust for Olaskjeret til -12,3 meter, vil størstedelen av skipstrafikken som segler i dette farvatnet kunne velge å gå i ei breiare og sikrere hovedlei.

Figur 2 Utdjupingstiltak aust for Olaskjeret (raud markering).




Hornelsflua, Skaten

Innseglinga til Nordfjord går gjennom Vågsfjorden. Dette er ei viktig innsegling for cruiseskipa som kjem til Olden og Loen, der passasjertrafikken er rekna å ha ei stor auke framover. I Skatestraumen kan det vere sterk straum, mest vanleg vestover med fallande vatn, likevel kan straumforholda vere uregelmessige då vind og vær kan ha stor påverknad på både retning og fart. Ved Hornelsflua og Skaten er det spesielt trangt, og i heile farleia er det utfordrane med møtande trafikk. Fjellet Hornelen ligg tett på farleia og gjer at ein kan miste satellittkommunikasjonen. Det trange farvatnet, fallvindar, skiftande vindretningar og sterk straum er faktorar som kan medverke til grunnstøyting og kollisjonar. Det har vort fleire grunnstøytingar i området, og tekniske problemar kan få store konsekvensar i dette området. Fartøy går gjerne med 12 knop for å ha styrefart. Utdjuping av Skaten vil kunne redusere den negative effekten av at straumen bøyer av ved grunna. Ein går ut ifrå at straumen vil reduserast noko og bli ryddigare på grunn av auka grad av farvatn fri for hindringar. Det er difor naudsynt å utdjupe grunner sør for Hornelsflua og Skaten til -12,3 meter. Massane utgjør hovudsakleg sprengstein, med litt lausmassar i groper og sprekker over nokre av grunnane.

Vest for Storøyna

Det er lokalisert eit mogleg deponiområde vest for Storøyna som vil bli utgreia i planarbeidet.



Figur 3 Utdjupingstiltak sør for Hornelsflua og ved Skaten (raud markering) og mogleg lokalitet for sjødeponi vest for Storøy (gul markering).

Med vennlig hilsen

Multiconsult

Sissel Enodd

Arealplanlegger/Landskapsarkitekt/Ansvarlig søker